

Styresak

Går til: Styremedlemmar
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 07.03.2005
Sakshandsamar: Torleiv Bergland
Saka gjeld: **Årsmelding 2004 - Det regionale brukarutvalet**

Styresak 25/05 B

Styremøte 15.03. 2005

Bakgrunn

Det regionale brukarutvalet har utarbeidd årleg melding for 2004. Meldinga er lagt ved i sin heilskap.

Det vert gjort greie for hovudpunkta i meldinga nedanfor.

Kommentarar

Inntil sommaren 2004 bestod utvalet av 8 medlemmer.

Frå andre halvdel av 2004 består utvalet av 6 representantar frå FFO, to representantar frå SAFO og ein representant utpeikt av fylkeseldreråda i regionen, ni representantar til saman.

1. Oppgåver og aktivitetar

Det er halde 6 møter i løpet av året, 3 i Bergen og 3 i Stavanger.

Utvalet har m.a. hatt fokus på følgjande saksområde:

- Høyringsfråsegn til Regional opptrappingsplan for psykisk helse samt oppnemning av representant til arbeidsgruppe
- Fråsegn til nasjonalt strategiarbeid innan psykisk helsevern.
- Bruken av opptrappingsmidlar overfor flyktningar og asylsøkjarar.
- Rus-psykiatri, manglande institusjonstilbod og manglande førespurnad til brukarane ved kartlegging av behov.
Utvalet kommenterer: "Psykiatritilbodet er ein del av tenestetilbodet som har vært gjenstand for stor interesse både når det gjeld innspel frå brukarane og brukarutvalet sjølve. Utvalet har m.a. påpeikt manglande innhenting av erfaringar frå brukarane i utarbeidinga av psykiatritilbodet".
- Rehabilitering og habilitering, status og planer for framtida, medrekna utpeking av representant til arbeidsgruppe i forbindelse med opptreningsinstitusjonar og rehabiliteringstilbod i regionen.

Utvalet kommenterer: ”Brukarutvalet har fleire gonger påpeikt at områda rehabilitering og habilitering er forsømt i forhold til andre områder innanfor spesialisthelsetenesta. Dette til tross for løfter og signaler om å fokusere på kronikaromsorga”.

Brukarutvalet har òg sett det som ei viktig oppgåve å informere brukarorganisasjonane om Helse Vest og arbeidet til utvalet. Utvalet meiner møter med brukarane er viktig for å fange opp utilsikta forhold i føretaka i regionen.

3. Arbeidsforhold

Både det regionale brukarutvalet og dei lokale brukarutvala i regionen opplever at dei i for liten grad blir tatt med i utviklings- og planarbeid. Hovudutfordringa for alle brukarutvala er å være eit rådgjevande organ som med bakgrunn i brukarerfaringane kan påverke utviklingsarbeidet i helseføretaka. Utvala opplever at helseføretaka og utvala har same mål, men samarbeider for lite. Utvalet viser til evalueringsrapporten som omhandlar det regionale brukarutvalet, utarbeidd av Rogalandsforskning.

Utvalet oppfattar seg som talerøyr for alle innbyggjarane i regionen og ser ei betre profilering av utvalet som svært viktig.

For å styrke samarbeidet og betre informasjonen til utvalet, og for at brukarerfaringane betre skal synast i utviklingsarbeidet til føretaka, foreslår det regionale brukarutvalet at:

- Administrerande direktør og/eller fagdirektør orienterer om aktuelle saker på kvart brukarutvalsmøte.
- Utvalet vert orientert om alle prosjekter som vert satt i gang av Helse Vest på et tidlig tidspunkt.
- Brukarrepresentant(ar) møter fast i styret for Helse Vest. Det vert gitt møtegodtgjersle og reise- og opphaldsutgifter blir dekket.

4. Utfordringar

Brukarutvalet ønskjer å etablere rutinar for betre samarbeid med Helse Vest samt å betre flyten av informasjon frå Helse Vest til utvalet.

Å bli tatt tidlig med i plan- og utviklingsarbeid ser utvalet framleis som særdeles viktig.

Utvalet registrer ei positiv utvikling og ser fram til nye utfordringar i 2005.

Forslag til vedtak

Årsmelding for 2004 for det regionale brukarutvalet vert tatt til orientering.